



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 4, 57. ÅRGANG, 2018



Søle jolekveld!

*Englar høgtid held, syng i dag den same songen
som dei song den fyrste gongen over Betlehem:
Sjå, din Frelsar kjem*

Søle jolekveld!

*I vårt låge tjeld vil no Jesus heimvist taka,
så hans sysken små kan smaka her på jord den fred
som Guds englar gled.*

Søle jolekveld!

*Lat ein heilag eld stiga høgt i logar klåre
opp ifrå vår låge åre, brenna i kvart bu
høgt i takk og tru!*

Søle jolekveld!

*Englar høgtid held, lovar Gud for dei fekk kveda
ut på jord den store gleda. Syng då alle med,
jord og himmel, kved!*



Ein fest er over!

Ei festveke er over og undertekna sit i senga med ibux, nasedroper og lommetørkle. Det tek på å feste slik. Lange dagar med biskopen på visitas, 13-14 timar frå tidleg morgon til seine kvelden! For ei dame ho er som gjer dette fleire gonger i året, men også for nokre damer og karar vi er som har planlagt og gjennomført dette! Og for ein fest!

Eg burde talt hovud, og litt røft rekna har eg fått helse på og sett mellom 7 og 8 hundre menneske, born, unge, vaksne, eldre, på skule, barnehage, sjukehiem, i jobb og frivillig innsats, som utøvarar og tilhøyrarar i ymse samlingar om gleda ved å bu i bygda og møtast i kyrkja. Så mykje god stemning, så mange opne varme ansikt. Vi burde gjere dette oftare tenker eg, for det gjev det vi yn-sker: kjensle av å høyre til, kjenskap og vennskap.

Biskopen ikkje berre såg og gav oss høve til å sjå kvarandre. Ho gav også utfordringar. Ein av dei eg er mest glad for er utfordringa om å sjå på gudstenestelista med tanke på musikalisk styrking. Kva kan vi i sokneråda legge til rette for her. Kven kan vi spørje om å komme på gudstenester for å spele og synge, styrke kyrkjelydssongen, salmekvelder, salmekurs, ja her er det berre å byrje å tenke.

Eg vart og gjort merksam på at kan hende kan nokre sakne at det er gudstenester som og er spesielt tenkt for andre enn dei unge. Ei interessant tanke. Kan hende har vi teke det for mykje som ei sjølv-følge at dei trufaste ER der og tek imot når dei unge kjem med sine 4 åringar eller dåpsbarn til kyrkja. Kan hende trengst det noko meir spesifikt for den vaksne garde. Noko til meir moden refleksjon og ettertanke i livet, gode kjende salmar? Vi arbeider med saka og er takknemlege for innspel. Eg kjenner i alle fall kor godt det gjer meg sjølv å koma saman med folk. Kor mykje det gjer til at eg kjenner meg heime. Difor tusen takk for sist til alle eg har fått sett og helse på denne intense veka, og hjarteleg velkomen til alle ting vi som arbeider i kyrkja måtte stelle istand i løpet av året som kjem.

Til dess, Gledelig jul, det er og ein fest kor vi har mange høve til å møtast

- Eli -



Juleandakt 2018

AV: BISKOP SOLVEIG FISKE

Det var mye mørke som omgav Jesu fødsel.

Et folk var okkupert av en fremmed hersker, ei ung mor som ennå ikke var gift, ei lang reise like før fødselen, og natt over stallen der barnet ble født.

Fødselsfortellingen skinner likevel som en dyrebar skatt og er noe sammennesker fester sitt håp og sin tro til.

Julebudskapet vil oss noe! Det vil ha oss til å stole på at nåde og sannhet finnes.

Det vil at vi skal lite på at det finnes en Gud, en kraft som aldri gir opp kampen for det gode. Som ikke gir opp troen på kjærlighetens muligheter.

Det barneansiktet som lyste mot Maria og Josef er fremdeles tegn på at Guds lys kommer nær oss og

at mørket ikke kan overvinne Kristi lys. Hans kjærlige lysholder oss fast i sannhet, trøst og håp.

Det som ble til i ham, var liv, og livet var menneskenes lys.

Forunderlig og vakkert formidles det store og sanne i at lyset skinner i mørket og at mørket ikke har overvunnet det. Det sanne lys som lyser for hvert menneske, er kommet til verden. Full av nåde og sannhet. Og fred.

Dette er en julefred uten virkelighetsflukt. En jul der vi tenner våre lys i trassig tro på det sanne lyset. Lyset som gir oss mot til å kjempe og aldri slutte å stå oppfor det som er rett og godt.

En velsignet julehøytid!

Advent i Volbu skule!

Til våren er det 10 år sidan skuledøra i Volbu vart stengt og ei lang skulehistorie var slutt.

Minna strøymer på no mot adventstida. Eg brukte mest heile mi aktive arbeidstid ved denne skulen i lag med fleire generasjonar Volbuingar! Flotte elevar, kollegaer og foreldre! Advent er forventning, håp og glede. Me byrja med pynting av klasseromma, der elevane var med. Store raude hjarte i alle vindaugo, snøkrystaller på glasa, lenker i taka, juleevangeliet i sandkassa, adventstakane på alle katetera. Svært spennande var det å ta fram alle bileta av strie og filt som tidlegare elevar hadde laga. Det var juleevangeliet, juletre, klokkestrenger, dukar bl.a. Alle klasser har sett sine spor i denne minneboka.

Når heile skulen var pynta, byrja innhaldet i adventstida. Kvar skuledag hadde alle klassene si eige adventstund med tenning av lys, julelegender og øving på julesongar. Alle klassene hadde òg sin eigen julekalender.

Kvar måndag etter advent-sundagane var heile skulen samla i eit av klasseromma der kvart trinn etter tur hadde ansvaret for opplegget i lag med sine klasseleiarar. Eg hugsar godt spenninga når det var mørkt i klasseromma, berre mange levande lys og svak julemusikk. Alle var stille og forventningsfulle. Svært rørende å sjå kor stolte og flinke elevane var, fleire «talent» viste seg for oss der for fyrste gong. Ellers var heile adventstida full av spesielle dagar som øving av julespel m.m. til sjølv julefesten fyrst i januar, juleverk-

stad, peparkakebaking, Luciafeiring med «lussekattar», grautefest, blautkakefest med juletrengang og vitsar og gåter, og ikkje minst siste dagen før jul i kyrkja der elevane både frå Heggebø og Volbu hadde innslag, eit år i Volbu og eit anna i Hegge. Svært hyggeleg var det dei siste åra når Bjørg Kristin oppi Skatterud bad heile skulen heim til graut og nissefest på Låven!

Å vera den fyrste som kom til skulen om morgonen og fekk slå på lysa i dei julepyna salane, dra inn lufta av aktivitetane frå dagen før, stå i vindauga og sjå ut på den vinterkledde, stille bygda med den fredfulle kyrkja midt i biletet og glede seg til ein ny dag! Det var ei lykkeleg tid i mitt liv!!

-Martha Viken



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

E-POST:
post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID:
Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar:	ANNE NORA ALUND	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjetenar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELLAND	934 19 294
Menighetspedagog:	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

LIDAR KYRKJE
Klokkar: Anne Britt Skåthun Sørnum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Mette Mari Lein
996 90 632

HEGGE KYRKJE
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Gunvor Hegge
907 40 702

VOLBU KYRKJE
Klokkar: Ingrid Meyrick
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Einar Eriksen
907 59 702

ROGNE KYRKJE
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Berit K. Myrvang
970 02 721

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og
Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designsaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE
NUMMER: 22. JANUAR 2019

Forsidebilde: Motiv frå Volbu Kyrkje. Foto: Eli Vatn
Norsk salmebok nr. 62. Elias Blix, melodi: Thomas Beck.



Tar du opp tråden?

TEKST OG FOTO: EINAR ERIKSEN

Det er dåp. Familie og faddere står flokket ved den gamle døpefonten på en merkedag. Lunkent vann over tynt dunhår. Presten tørker det lille hodet forsiktig og gir den lett fuktige kluten til far. Han ser overrasket at navnet som presten nettopp spurte dem etter, lyser imot ham. Det er ikke et hvitt tøyestykke han står med, men et sirlig stykke håndarbeid laget for anledningen. Monogram, sted og dato – og altså navnet de hadde valgt.

Ikke et vondt ord om dåpslys innkjøpt fra et spesialfirma for kirkelig utstyr. Fint symbol det og. Men dette er noe annet. Her er det virkelig snakk om å bli ønsket veldig virkelig velkommen til verden – og til en sammenheng. Det var Marit Robøle som innførte tradisjonen med dåpsduker i Øystre Slidre, med inspirasjon fra Lesja og Sør-Aurdal. Det hele startet i Hegge i 1995, men spredte seg snart til alle sokn. I dag er det 7-8 håndarbeidsglade kvinner i Lidar, Hegge, Rogne og Volbu som syr.

Vi har tatt en prat med de to som har hatt oppgaven i Volbu de seinere år, **Anna Moen og Gudrun Hagen**. Det gjorde vi som seg hør og bør over kaffe og kaker hjemme hos Anna på Vestsida. Både Anna og Gudrun liker håndarbeid og har langt fartstid i husflidslaget, men merker at finmotorikken ikke er helt som før. Gudrun forteller at hun alt har måttet gi seg, så nå er arbeid fordelingen at Anna syr og jeg bringer



til kirken, spøker hun. Men også Anne ønsker seg en arvtaker etterhvert. Du vet, fingrene skal gå dit en mener.

Har dette vært et pliktøp? Nei, langt ifra, da hadde vi nok sluttet for lengst. Vi er heldige som har en hobby vi har kunnet kose oss med i ledige stunder.

Har dere inntrykk av at folk setter pris på å få en slik duk? Vi snakker jo til vanligvis ikke med foreldrene selv, men alt blir jo gjerne stort når en har nyfødte unger, så jeg tror kanskje det blir satt pris på, sier Anna, beskjedent. De fleste dåpsduker havner vel i en skuff, men jeg vet også at noen har rammet dem inn, forteller hun. Og jeg hørte en i et dåpsfølge en gang som ville ta med seg skikken hjem til Hallingdal fordi hun syntes det var så fint, tilføyer Gudrun.

Men nå gjelder det altså å ta vare på vår egen tradisjon. Er det er noen som kan tenkes å ta opp tråden i Volbu, så nøl ikke med å tipse Anne, Gudrun, kirkekontoret eller soknerådet.

Også disse syr dåpsduker: Lidar: Liv Holmsen Skoglund / Guri Marie Hegge
Hegge: Solveig Enger / Hildegund Dale
Rogne: Ruth Tvenge / Kjellfrid Fjelltun

hendene hennes. 12-15 tror Gudrun det ble før hun for sin del måtte gi seg. I dag er det ikke så store barnekull som før, så nå trengs det vel 3-5 duker i året i Volbu, anslår de.

Men det blir vel likevel mange arbeidstimer med hullsøm langs kanten, og monogram og navn i korssting? Det går nok med i alt tre gode kvelder, men du vet, vi broderer alt utenom navn og dato når det passer. Da har vi alltid liggende et par-tre duker hvor det bare står igjen å brodere navn og dato i løpet av en kveld, forklarer Anna.

Men nå gjelder det altså å ta vare på vår egen tradisjon. Er det er noen som kan tenkes å ta opp tråden i Volbu, så nøl ikke med å tipse Anne, Gudrun, kirkekontoret eller soknerådet.

Også disse syr dåpsduker: Lidar: Liv Holmsen Skoglund / Guri Marie Hegge
Hegge: Solveig Enger / Hildegund Dale
Rogne: Ruth Tvenge / Kjellfrid Fjelltun

Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe.



for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

- Ære være Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men Maria goymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

MIN SALME



Å LEVA, DET ER Å ELSKA

Salmen er skrevet av Anders Vassbotn i 1893. Melodien er ved Per Stenberg. Vi finner den i Norsk Salmebok (1985) som nummer 698.

Opprinnelig var salmen på seks strofer, men ble senere forkortet til tre, strofer somi dag.

Jeg synes dette er ei fin salme, som er lett å forstå innholdet av. Etter å ha erfart hvor sårbart livet kan være, må vi ta vare på de daglige stundene livet gir oss.

– Thorleiv Idstad

Å leva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå,
å leva det er i arbeid
mot rikare mål å trå.

Å leva, det er i livet
å finna det største verd;
å leva, det er å vinna
til sanning i all si ferd.

Å leva, det er å leggja
all urett og lygn i grav;
å leva, det er som havet
å spegla Guds himmel av.

Bispevisitas i Øystre Slidre

23.-28. oktober 2018

Klypp frå Visitasforedraget

Føremålet med ein visitas er å støtte, inspirere og rettleie kyrkjelydar og tilsette, og gjera kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet. Programmet for visitasen, som er laga av den lokale komitéen, har vist oss det store mangfaldet i Øystre Slidre.

MORGONSONG I VOLBU KYRKJE

Kyrkjeklokkene ringde inn til morgonsong i Volbu kyrkje, og eg hadde med meg dei majestetiske inntrykka frå den flotte køyreturen frå Beitostølen langs Heggefjorden, og inn til det vakre kyrkjerommet. Her vart ramma for visitasen satt, med fokus på gleda ved ei ny begynnelse. Gleda skulle vise seg å vera med oss heile den veka som kom. Eg vart påminna, som sant er, at Øystre Slidre var den kommunen der eg for fyrste gong var på visitas om biskop, for over ti år sida. Eg har gode minne frå den gongen, og nye minne var alt i gong med å skapast. Dette var opptakta til ei spennande reise gjennom Øystre Slidre.

ØYSTRE SLIDRE SJUKEHEIM

På Øystre Slidre sjukeheim var vi samla på tvers av generasjonar, og vi blanda våre røyster i song. Frå kjære salmar, til barnesonger leda av Heggebø barnehage. Kaffe og kake var ei god avslutning på stunda vår i den flotte «stua».

BEITO BARNEHAGE

På Beito barnehage møtte vi og songglade born, og eg vart påmint det store potensialet i faste riter. Borna hadde eit fast ritual



Tidleg tirsdag morgon, klar for å ta imot biskopen med morgonsong i Volbu kyrkje. Gleda ved ei ny begynnelse. Foto: Solveig Fiske • Brannmann Espen sørger for at biskopen også får refleks i når de er på besøk i Rogne barnehage. Foto: Eli Vatn • Biskopen lærer bort sang, under møtet med Vindestogo og Tingvang Barnehage. Foto: Eli Vatn

før dei skulle eta, og eg tenker dette er med å skape trygge rammer, og noko ein gjer felles saman med dei vaksne.

FRIVILLIGHETSENTRALEN / ARBEID OG AKTIVITET

Vi drog så til Arbeid og aktivitet for å eta lunsj og høyre på bandet Big Bang. Dette bandet har spela saman med både Bjørn Eidsvåg og Åge Aleksandersen, så det var ei stor glede å få ein intimkonsert med desse flotte musikanerane. Vi fekk møte Skogprodukt der brukarane kjem frå forskjellige stader og med ulik bakgrunn, men felles er at dei ikkje har fast jobb. Vi avslutta i aktivitetssenteret, og fekk vera vitne til kva slags kunstverk det er mogeleg å skape med eigne hender. Heile dette huset er med på å gje verdigheitskappende arbeid, og det er heilt tydeleg at det er med på å gje meistringskjensle hos mange menneskjer. I tillegg er dette arbeidet svært viktig for lokalsamfunnet, og det er godt å besøkje ein slik stad – og det er all grunn til å løfte dette arbeidet høgt. På Frivillighetssentralen fekk vi høyre om det omfattande arbeidet som vert gjort for å styrke frivilligheita. I Øystre Slidre er det et stort tilfang av frivillig arbeid, og eg synest det er svært flott at

temaet fekk ein så stor plass i visitasprogrammet.

ROGNE SKULE OG BARNEHAGE

Onsdag morgon starta ved Rogne skule. Her er det eit stort fokus på læring tufta på verdiar, og vi fekk høyre betydninga av verdiane omsorg og respekt. Dei hadde tilogmed sin eigen song om dette.

Ein liten spasertur frå skulen ankom vi Rogne barnehage. Det er svært få andre stader enn barnehagar som fyller ein med så mykje liv og røre – særskilt når sjølvaste brannbilen var tilstades på same tida. Blant barnehagebarna er det vanskeleg å ikkje kjenne på gleda – og det var eit godt møte med den oppveksande generasjonen.

LIDAR SKULE

Då vi kom til Lida skule, la eg merke til at det stod «det meningsseekende menneske» og «det skapande menneske» på nokre glasveggar. Eg er imponert over det gjennomreflekterte verdisetet som vert brukt i læringsmiljøet i skulane her i kommunen. Her vart vi møtt av song, og vi fekk helse på to representantar frå elevrådet. Så fekk vi ha ei samtale med lesevenene – eit fantastisk konsept der dei unge gjennom samtaler med den eldre generasjonen får moglegheit til å dele tankane sine, samt å trene på lesing. Eit flott bidrag, både for barna og dei som er frivillige.

PANELSAMTALE

På Grendahuset i Volbu vart det invitert til åpen panelsamtale om gleda ved å bu i eit lokalsamfunn. Gjennom ulike perspektiv fekk vi høyre om korleis det er å bu



Stor steming i Grendahuset tirsdag kveld Foto: Solveig Fiske • Bedriftsbesøk på MTI foto: Solveig Fiske • Møte med BHSS - Direktør Astrid Nyquist fortel om historia. Foto: Eli Vatn • Espen Ausdal lot oss oppleve oss akustikken i Gapahuken • Hegge kyrkje tar imot til klokkekonsert torsdag kveld foto: Solveig Fiske

akkurat her i kommunen; det viktige i å ta vare på skaparverket, og gleda ved å bu tett på naturen. Det handlar om å løfte fram det som er bra, men og det som er meire sårbart og samansett. Eg vil honorere at det vart sett fokus på eit slikt tema under visitasen, då det vart ei varm og god stund – og ei styrkande suppe laga til av Helselaget bidrog og til det.

UNGDOMMENS KULTURHUS

Eit av dei mest imponerande bygga i kommunen er Ungdommens kulturhus, Gapahuken. Her har de fått ein plass som gjer ungdommar moglegheit til å falde seg ut, om det så er gaming, band eller matlaging. Eg fekk gleda av å sitje i eit panel saman med ungdommar frå 8. og 9. klasse, og temaet var livsmeistring. Dette er eit tema som står meg nært, og eg trur vi fekk til gjennom denne samtala å setje ord på blant anna kor mykje det betyr at det er nokon som ser oss. Nokon som gjev oss anerkjenning ut frå det menneskjet vi faktisk er. Samlinga vart avslutta ved å sette akustikken på prøve gjennom nydeleg song og musikk frå Espen Ausdal.

BEDRIFTSBESØK

Eitkvart lokalsamfunn er sjølv sagt prega av den næringa som finst på staden. Av den grunn inngår det i ein visitas og å besøkje ulike bedrifter. Difor drog vi til ein av dei nyaste arbeidsplassane i kommunen, MTI, som har hatt ei spennande organisasjonsreise. Det er imponerande å sjå kva som har vakse fram frå ein gründertanke, der det nå på denne staden, som den einaste i landet, vert produsert mobile scenar. Bedrifta har og prega

kyrkjene her i kommunen, ved å levere utstyr for lyd. Ein levande og flott stad, som også har nye spennande prosjekt i framtida. På Beitostølen helsesportsenter blir det drive godt. Vi fekk ei god orientering om staden. På Senteret er dei opptekne av at mangfaldet gagnar alle, og at det er ein stor ressurs både for senteret, men og utover i andre samanhengar.

Vi hadde ein prat med Atle Hovi og Pål Andvord på Beitostølen Café medan fekk vi oss ein god middag. Desse to har vore og er viktige samarbeidspartnarar for fjellpresten, og vi fekk ein god prat om utviklinga på staden, og kva som ligg der av tankar og idéar for framtida.

MØTE MED FELLESRÅDET

I prestegarden vart fellesrådet samla. Vi samtala om korleis få ein sunn økonomi, og korleis ein kan klare å kommunisere ut den betydninga som kyrkja har i eit lokalsamfunn. Møtet vart og brukt til å gjere førebuingar inn mot møtet med kommunen. Det handlar om å kunne vera ei folkekyrkje som er godt rusta til å møte vår tid – og fellesrådet har eit stort engasjement for slike spørsmål.

KOMMUNELEIINGA

På Tingvang finn vi den kommunale leiinga. Etter ei god orientering om demografien i kommunen, diskuterte vi betydninga av kyrkja som ei grunnlovsforankra folkekyrkje, og kva det tyder for eit lokalsamfunn. Dette innebær blant anna økonomi, og ivaretaking av dei fantastiske kyrkjebygga som finst her i kommunen. Det vart eit godt og konstruktivt møte, der eg opplevde eit



Visitagudsteneste prosesjon. • Visitagudsteneste. • Vigsling av kyrkjegard. • Høytidelig overrekkelse av biskopens utfordringer til stab og råd. • Visitasforedrag. Alle desse bildene er tatt av: Guttorm Eidslott • Fellesrådsmøte i prestegarden tirsdag formiddag. Foto Solveig Fiske

gjensidig ønskje om ei levande lokalkyrkje som er til beste for befolkninga her.

KYRKJEBYGGA

Ein av kveldane vart avslutta med kveldsbøn i Volbu kyrkje. Kyrkja er vigd til helgenen Blasius, som er tett knytt til helse. Det er ei viktig kobling mellom folkekyrkje og folkehelse, og det er flott at vi kunne oppleve ei slik fin synleggjering i kyrkjerommet her på slutten ein travel dag.

Ein av dei andre kveldane vart det allsang i Rogne kyrkje. Vi fekk oppleve ulike musikktradisjonar, og ulike stemmer. Det er fantastisk å kombinere kyrkjelydens tilsvær – gjeven gjennom våre eigne stemmer, og å kunne late att augo for å nyte vakre tonar og røyster frå dyktige musikarar og ikkje minst barnerøyster. Ein flott kveld, med mykje varme medan mørkret senka seg rundt kyrkjebygget.

Den gylne time er eit viktig tilbod med jamn frekvens kvar torsdag. Her blir det lagt til rette for å vera stille – og det fantastiske rommet i Lyskapellet opnar opp for kontemplasjon og bøn. Frå eit moderne uttrykk som i Lyskapellet, var det som å vera på ei tidsreise då vi drog til 802 år gamle Hegge kyrkje. Her var det sett fokus på kyrkjeklokkene – ein heilt spesiell tradisjon her i Valdres, kor kyrkjeklokkeringing er ei kunstform. Det er rett og slett fantastisk å oppleve korleis de tek vare på denne tradisjonen og praksisen – og ikkje minst stoltheita som ligg i gjeremålet. Lidar kyrkje vart presentert fyrst på sjølve visitagudstenesta.

MØTE MED KYRKJESTABEN

Bak orgelet i Lidar kyrkje hadde vi møte med den

kyrkjelege staben. Dei som arbeider i kyrkja er på mange måtar i frontlinja, og har ei stor oppgåve med å skape den tilliten som finnest mellom folk og kyrkje. Her i Øystre Slidre har de mange engasjerte kyrkjelege tilsette, og vi samsnakka om dei ulike oppgåvene, den nasjonale utviklinga og om måten arbeidet vert gjort på er i tråd med det som tida vår fordrar. Dette er ein viktig samtale som på sett og vis alltid er i prosess.

TEMA I MØTE MED SOKNERÅDA

I Hegge sokneråd vart det med opne kyrkjer tematisert, ikkje minst basert på erfaringar med ei sommaropen Hegge kyrkje. Vi tala og om pilegrimsvandring, og årshjulet med tanke på trusopplæring. Endå eit godt møte med eit engasjert sokneråd, og ikkje minst gode omgjevnader i den nyoppussa kyrkjestogo. Med Lidar sokneråd diskuterte vi korleis vi kan styrke

kyrkjesøkinga, og ikkje minst engasjere ungdommen til deltaking ved ulike tiltak. Kven kan vera naturlege samarbeidspartnarar for kyrkja, og korleis kan vi bruke kyrkjebygga som kulturbygg og heilage rom? Eg trur vi fekk sett i gong ei god samtale om desse heilt avgjerande tema.

I Rogne kyrkjestogo samla vi Rogne sokneråd. Her diskuterte vi korleis vi kan følgje opp ungdommar etter kon-

firnanttida, og ikkje minst korleis kyrkja kan bidra til å ta imot nye landsmenn.

I Volbu Grendehus fekk vi eit møte med Volbu sokneråd. Vi samsnakka om korleis vera ei tydeleg kyrkje, og kva slags ønskjer medlemma av rådet har for det siste året av denne valgperioden. Det vart eit kreativt møte, der det kom gode idear fram på bordet.

Biskopen takkar for seg

Så er tida kommen for å takke for visitasen. Hjarteleg takk til alle som har vore involverte i planlegging og tilrettelegging. Takk for alle dei gode rapportane som vart sende inn på førehand.

Takk for tillit, gjestfridom og hyggelege bordfelleskap. Takk til alle for mange gode møter med menneskjer i alle aldrar. Eg tek alle desse møta med meg, alle handtrykk, smil og ordskifte, ja, alt eg har opplevd under visitasen. Hjarteleg takk!

Gud signe Volbu, Rogne, Hegge og Lidar!
Gud signe Øystre Slidre kommune!

Solveig Fiske
Hamar biskop

Foredraget er bearbeidd for kyrkjebladet av Ingrid Meyrick.

Utfordringar frå Hamar biskop til sokna i Øystre Slidre under bispevisitas 23.-28. oktober 2018

- ➊ Å gå gjennom sokna sine årshjul for gudstenester med eit spesielt fokus på bruk av musikalske krefter.
- ➋ Å utvikle ein enkel diakoniplan (gjerne 1 side) som sjåast i forhold til det øvrige diakonale arbeidet i kommunen.
- ➌ Saman med kommune, skule og barnehage sjå på det faglege innsteget for samarbeid og kva slags arbeidsmetoder det er mogleg å bruke. Er forholdet allereie godt, gjev det eit godt grunnlag for framtida.
- ➍ Ta ein gjennomgang av budsjettrutinane imellom kyrkjeleg fellesråd og Øystre Slidre kommune for å sjå om de rette møtepunkta er på plass.
- ➎ Bruk erfaringa frå sommaråpent i Hegge kyrkje, og vurder om det går an å ha åpne kyrkjer oftare og med jamnare frekvens.
 - a) Vurdere om ein kan bruke friviljuge til å betene dei åpne kyrkjene
- ➏ Gjera kyrkja meire synleg i digital kommunikasjon ved å
 - a) Opprette eiga nettside
 - b) I dialog med kommunen opprette informasjon på kommunen si nettside om kyrkjebygga og kyrkja si verksemd.
- ➐ At kvart sokneråd finn eit prosjekt/tiltak som ein ønskjer å gjennomføre det siste året i perioden.
 - a) Vurdere om ein skal søkje OVF-middel til eit tiltak (frist 26. oktober).



VELKOMMEN TIL UTDELING AV 4-ÅRS BOK!

Gudsteneste med utdeling av 4 årsbøker for alle sokn skjer i januar 2019.

Hegge kyrkje: 13. januar kl. 11.00
Rogne Kyrkje: 13. januar kl. 13.00
Volbu kyrkje: 20. januar kl. 11.00
Lidar kyrkje: 20. januar kl. 13.00

Eigen invitasjon blir sendt i posten.

BIBELFORTELLINGER VED PEISEN

**Torsdag 10. januar, 7. februar, 4. april,
og 2. mai kl. 19.00 - ca 21.00
i Prestegarden i Volbu.**

Enkel kvelds og lytting til fortelling.
Hjertelig velkommen.

ÅRSMØTER I 2019

Årsmøter vert etter messetid.

Hegge: 3. februar
Volbu: 3. februar
Lidar: 24. februar
Rogne: 10. mars

DIAKONITUR TIL GRANUM GÅRD

5. SEPTEMBER 2018.

Diakonitreffene i Rogne kyrkjestogo ble i høst startet opp med en tur til Granum Gård i Søndre Land. Vi var 16 personer i alt med stor aldersspredning. En flott høstdag gjorde at kjøreturen ble en god opplevelse i seg selv.

Høgt og fritt over Randsfjorden, oppi åsen ovenfor Svingvoll, ligger Granum Gård. Den er nylig pusset opp med tanke på å ta imot gjester til overnatting og mindre grupper på dagsbesøk. Vi ble møtt ute i tunet av Marianne Konow, som er gift med 8. generasjons arvtaker, Lars Harald Weydahl.

Marianne var tidligere diakon i Etnedal. Vi fikk en god innføring i historien på stedet, også i form av gammel film fra 50-60 tallet, da stedet kaltes Granum kristelige pensjonat. Inne ble vi vartet opp med nydelig hjemmelaget suppe og rundstykker. Litt seinere vanket eplekake og is ute i «glassverandaen». Det var en fin opplevelse å gå rundt i rommene og få «smake på gammel tid».

Søndager i sommerhalvåret driver de «Blåveisen kafè» i ett av de eldre byggene. (Interesserte kan lese mer om stedet på deres Facebook-side.)

Gjennom tunet går en gammel ridevei over til Vardal som nå er ryddet. En halv times gange på denne veien fører opp til et lite kapell på en gammel husmannsplass. Som avslutning på turen kjørte vi hovedveien opp til denne plassen og ble møtt av Egil Grandhagen som kunne fortelle oss om dette stedet. Han og kona, Solveig tar også imot gjester på bostedet sitt like i nærheten, for de som trenger å komme unna en stresset og travel hverdag, og ha noen å prate ved.

Vi var alle enige om at vi hadde hatt en flott tur.

Så ønsker vi flere velkommen til diakonitreffene i Rogne kyrkjestogo. Følg med i avisa på «Det skjer».

- Rogne og Volbu «diakoniutvalg» v/ Hanne Rolandsgard



Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

Hvilken retning skal Den norske kirke ta videre? Hva bør kirka prioritere og satse på? Neste år har du som er medlem av Den norske kirke igjen mulighet til å påvirke dette. Da er det tid for valg av nye menighetsråd og bispedømmeråd. Stemmerettsalderen i kirka er 15 år, så man kan stemme fra det året man konfirmeres.

Du har mulighet til å påvirke menighetsrådsvalget allerede i nominasjonsprosessen ved å foreslå kandidater for menighetens nominasjonskomité. For å kunne velges må man fylle minst 18 år i 2019, være medlem av Den norske kirke og bo i soknet. Det er også mulighet for å stille alternativ liste, og fristen for alle listeforslag til menighetsrådsvalget er 30. april kl. 12. Dersom det kun foreligger én liste, vil det være mulighet for supplerende nominasjon.

Du har også mulighet til å påvirke bispedømmerådsvalget i nominasjonsprosessen.

Bispedømmerådets oppgaver er blant annet å ansette prester og lede utviklingen av bispedømmet som helhet. Medlemmene av bispedømmerådet sitter også i Kirkemøtet, Den norske kirkes «Storting». I 2017 vedtok Kirkemøtet likekjønnet vigsel i Den norske kirke, og de neste årene vil Kirkemøtet ta stilling til mange andre saker som har stor betydning for kirken. Menighetsrådet tar imot forslag på kandidater til nytt bispedømmeråd og skal innen 1. mars 2019 foreslå inntil fire kandidater som har sagt seg villige til å stå på valg. Det er også mulig å stille alternative kandidatlistene til bispedømmerådsvalget, slik «Åpen folkekirke» gjorde ved forrige valg. Også fristen for dette er 30. april kl. 12. Dersom det ikke stilles alternative lister, blir det mulighet for supplerende nominasjon på nominasjonskomiteens liste.

Kandidatlistene til menighetsrådsvalg og bispedømmerådsvalg skal ha minst 40 % representasjon fra hvert kjønn og minst 20 % representasjon av kandidater under 30 år. Fram mot valget vil kandidatene bli presentert i menighetsbladet og på nett. Kirkevalgene skjer samtidig med, og i lokaler i umiddelbar nærhet av, valg til kommunestyre og fylkesting. Fra 10. august 2019 er det mulig å forhåndsstemme ved minimum ett av kirkekontorene i kommunen. Har du spørsmål om noe av dette, er du velkommen til å ta kontakt med Hamar bispedømmekontor på telefon 62550350 eller e-post hamar.bdr@kirken.no.



KYRKJELEGE HANDLINGAR

SEPTEMBER 2018-NOVEMBER 2018

VIGSEL

ROGNE KYRKJE

Berit Sundberg Gjessing og Kjetil Prestrud

DØYPT

LIDAR SOKN

Axel Sørgaard Gamlemoen (døpt i Skrautvål kyrkje)

LYSKAPPELLET

Linnea Hålimoen

DØDE

HEGGE KYRKJE

Ole Robøle

LIDAR KYRKJE

Lalla Bergheim
Øystein Ø. Grønolen
Ingri Kristine Martinsen
Kirsti Mørstad

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar

God Jul

Desember

16 12 2018

Lidar kyrkje kl. 19.30

Vi syng jula inn v/sokneprest Eli Vatn.

20 12 2018

Lyskapellet kl. 17.30

Den gylne time v/sokneprest Eli Vatn.

24 12 2018

Lidar kyrkje kl. 13.00

Juleaftansgudsteneste v/prost Carl Philip Weisser. Takkeoffer Røde Kors lokalt

24 12 2018

Rogne kyrkje kl. 14.30

Juleaftansgudsteneste v/prost Carl Philip Weisser.

Takkoffer Rådet for psykisk helse.

24 12 2018

Hegge kyrkje kl. 16.00

Juleaftansgudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Redd Barna.

25 12 2018

Hegge kyrkje kl. 12.00

Høgmesse v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Kirkens Nødhjelp

25 12 2018

Øystre Slidre Sjukeheim kl. 16.30

Julegudsteneste v/prost Carl Philip Weisser.

25 12 2018

Volbu kyrkje kl. 19.30

Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Soknerådet

27 12 2018

Lyskapellet kl. 17.30

Den gylne time v/sokneprest Eli Vatn.

31 12 2018

Volbu kyrkje kl. 15.00 Nyttårskonsert.

Januar

13 01 2019

Hegge kyrkje kl. 11.00

Høgmesse utdeling av 4 årsbøker v/prost Carl Philip Weisser.

Januar forts.

13 01 2019

Rogne kyrkje kl. 13.00

Høgmesse utdeling av 4 årsbøker. Dåp v/prost Carl Philip Weisser.

20 01 2019

Volbu kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste utdeling av 4 årsbøker. Dåp v/prost Carl Philip Weisser.

20 01 2019

Lidar kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste utdeling av 4 årsbøker v/prost Carl Philip Weisser.

Februar

03 02 2019

Hegge kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Årsmøte v/prost Carl Philip Weisser

03 02 2019

Volbu kyrkje kl. 19.30

Blasius. Høgmesse. Årsmøte v/sokneprest Eli Vatn.

10 02 2019

Rogne kyrkje kl. 11.00

Misjonssøndag. Høgmesse. v/ Prost Carl Philip Weisser.

24 02 2019

Lidar kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Årsmøte v/sokneprest Eli Vatn.

Mars

03 03 2019

Lyskapellet. kl. 11.00

Gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn

10 03 2019

Rogne kyrkje kl. 11.00 Høgmesse.

Årsmøte v/sokneprest Eli Vatn.

24 03 2019

Volbu kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Utsending av konfirmanter til årets Fasteaksjon Kirkens Nødhjelp v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kirkens Nødhjelp.

31 03 2019

Hegge kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn.

FULLDISTRIBUSJON

Skulegudstenester

Skulegudsteneste 19. desember 2018

Lidar kyrkje kl. 08.30

Rogne kyrkje kl. 10.00

Volbu kyrkje kl. 11.30

Juletreffest

Juletreffest på Tingvang søndag den 6. januar 2019 kl. 17.00

Sokneråda i år arrangere juletreffest saman med Røde Kors Omsorg, det vil bli som før med underhaldning, bevertning og gang rundt juletreet. Alle er hjarteleg velkomne.

Diakontreff

27. februar 2019 i Rogne kyrkjestogo. Alle velkomne.

Pusterom

Volbu kyrkje 21.januar, 4. februar og 25.mars 2019.

Open kyrkje frå kl. 18.00. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30.

Babysong

Babysong startar opp etter nyttår i Rogne kyrkjestogo dato ikkje bestemt, så følg med på Facebook-sida til Kyrkja i Øystre Slidre.

Babyar mellom null og eit år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og litt servering.

Kyrkjeskys

LIDAR:

Mette Lein

996 90 632

HEGGE:

Hildegunn Dale

975 82 610

Synnøve Rødningen

992 37 680

VOLBU:

Liv Heitun Eriksen

926 37 556

ROGNE:

Gustav Fystro

910 04 468

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30

er `Den gylne time` i Lyskapellet.

Hjarteleg velkomne.

